

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Tilsvaret til høyringsuttale frå Fylkeskommunen

Møre og Romsdal fylkeskommune har mål om auke verdiskaping frå fornybar energi og auka lokal produksjon av elektrisk energi er også ei målsetjing for å sikre kraftforsyning i fylket.

Når det gjeld fysiske inngrep i vassdrag generelt er utgangspunktet i vassforskrifta at miljømålet for vassførekomstane skal nåast, jamfør §§ 4-6. På visse vilkår, t.d. stor samfunnsnytte, opnar § 12 for ny aktivitet eller nye inngrep sjølv om desse medfører nedsett miljøtilstand eller at miljømål ikkje vert nådde.

I høyringsuttalen vert også tilhøve til kulturminne trekt fram og det vert peika på mangelfulle kulturminne vurderingar.

Det er ikkje kjende kulturminne av noke slag i utbyggingsområdet i Aurdalselva. Det er restar av kvernhusomter i nærleiken, men disse vil ikkje kome i konflikt med utbygginga.

Utbyggingsstrekninga av elva har ikkje vore i aktiv bruk verken i rekreasjonshensikt eller praktisk bruk. Difor er det ikkje noko form for kulturminne i strekninga. Ein mindre del av ein gamal sætreveg er rettnok planlagt utvida og opprusta, men det vil vere meir til gagn enn til savn både for eigarane og dei som ellers skulle ha behov for å nytte vegen.

For Aurdalselva Fallrettslag SA

Karl Skotte
Leiar